



Fritt Palestina!

Israel sitt brutale angrep på palestinarane i Gaza er eit folkemord og eit angrep på internasjonal rett. Folkemordet må bli stansa!

Okkupasjonen og blokaden av Gaza har allereie vart i mange år. Den humanitære situasjonen i Gaza var derfor allereie kritisk då angrepa starta i 2023. No er det katastrofe. Gjennom vinteren har fleire spedbarn døydd på grunn av kulda. Likevel nektar Israel heilt nødvendig naudhjelp å komme inn i Gaza.

I skuggen av den katastrofale situasjonen i Gaza, har Israel også auka omfanget av militære operasjonar på Vestbreidda. Også her blir folk fordrivne frå heimane sine, og menneske blir drepne og skadd.

Noreg både kan og bør gjere mykje meir for å bremse den israelske krigsmaskina og for å støtte kampen til palestinarane for ein eigen stat. SV sviktar aldri Palestina.

SV krev:

- at hjelpeorganisasjonar og all naudsynt naudhjelp slepp inn i Gaza
- fleire sanksjonar mot Israel sine krigsbrotsverk
- sterkare kontroll over norskproduserte våpen - norske våpen skal ikkje bli brukt i folkemord
- at oljefondet trekkjer seg ut av selskap som bidreg til Israel sine krigsbrotsverk og ulovlege okkupasjon

Israel må stanse folkemordet, angrepa og okkupasjonen. Ingen er fri før alle er fri – fritt Palestina!

Sosialistisk Venstreparti
Møllergata 4, 0179 Oslo
21 93 33 00
post@sv.no
sv.no

Meld deg inn
i SV her:

